

**VAL****MODALEN KOMMUNE**

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 9. september 2019

UTLEGGING AV MANNTAL

For å kunne røyste ved kommunestyre- og fylkestingsvalet måndag 9. september 2019 må du stå innført i manntalet i Modalen kommune.

Manntalslistene vert lagt ut til ettersyn i tida medio juli til og med måndag 9. september. Dersom du ikkje står i manntalet og meiner at det er feil, kan krav om retting sendast til Modalen kommune, Valstyret, Postboks 44, 5732 Modalen. Dersom du har flytta til kommunen og folkeregisteret ikkje har fått melding før 30. juni står du framleis i manntalet i den kommunen du flytta frå. Du må då røyste i den kommunen som du er manntalsført i, eller du kan førehandsrøyste i Modalen.

Manntalet er lagt ut på desse stadane:

For begge krinsane (Mo og Øvre Helland):

Kundetorget i kommunehuset

Biblioteket i Bryggjeslottet

Modalstunet

Coop Mo

Coop Øvre Helland

FØREHANDSRØYSTING

Veljarar som ynskjer det kan førehandsrøyste frå **12. august og fram til og med fredag 6. september** på kommunehuset, **måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00**

Veljarar på helseinstitusjonar i Modalen kommune kan førehandsrøyste på **Modalstunet tysdag 3. september kl. 11.00 – 12.00.**

Ta med valkort og gyldig legitimasjon når du skal røyste.

Ambulerande røysting:

Veljarar som grunna sjukdom eller fordi dei er uføre ikkje kan koma seg til røystelokalet, kan søkje om å røyste heime. Søknad om slik røysting sendast til Modalen kommune, Valstyret, Postboks 44, 5729 Modalen. Frist for å søkje om å få røyste heime er sett til **tysdag 03.09.15.**

Tidlegrøysting:

Dersom du ikkje kan førehandsrøyste i tida 12. august til 6. september eller røyste på valdagen 9. september, er det opna for tidlegrøysting frå 1. juli til 9. august. Tidlegrøysting vert på kundetorget på kommunehuset måndag – fredag frå kl. 10.00 – 14.00. Dei som ønskjer å tidlegrøyste må ta kontakt med kommunen på telefon 56599000 og avtale tidspunkt.

For Valstyret i Modalen kommune